



Arkivnr: 2015/3292-4  
Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2015

## Felles forskingsprosjekt Vestlandet: Sustainable Cruise

### Samandrag

I 2013 søkte og fekk NCE Tourism tildelt inntil kr 3.000.000,- i støtte til forskingsprosjektet «Berekraftig cruise – kunnskap om og optimalisering av sosiale, miljømessige og økonomiske effektar av cruiseturisme» frå Regionalt Forskningsfond Vestlandet. NCE Tourism stod som søkjar, prosjektansvarleg og administrativt ansvarleg og Vestlandsforskning stod som prosjektleiar. Som eit regionalt bedriftsprosjekt var prosjektet avhengig av 50 % eigenandel for å løyse ut heile støttebeløpet. Det viste seg så at det ikkje var mogeleg å sikre nok eigenkapital frå næringsaktørar i regionen til at prosjektet kunne starte. Medan næringa støttar behovet for dokumentasjon og forskning knytt til tematikken, er det ikkje evne i reiselivsbedriftene til å gå inn finansielt i eit reint forskingsprosjekt av denne typen. Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Jan Heggheim tok derfor initiativ til at prosjektet kunne endrast til eit regionalt offentleg prosjekt, med t.d. ein av fylkeskommunane på Vestlandet som prosjekteigar. Prosjektet vil då kunne basere seg på 70 % offentleg støtte. Det føreligg nok privat eigenandel til at ein då kan få full effekt ut av prosjektet. Fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland er samde om at prosjektet er eit viktig verktøy for å kunne arbeide fram eit empirisk grunnlag for framtidig strategi og handlingsplan for cruiseverksemda i regionen. Hordaland fylkeskommune v/næringsseksjonen har sagt seg villige til å ta rolla som prosjektansvarleg. Vestlandsforskning er prosjektleiar og FoU-ressurs i prosjektet.

### Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen tilrår at Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet saman med fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

1. Hordaland fylkeskommune går inn som prosjekteigar og administrativt ansvarleg for prosjektet
2. Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal støttar prosjektet med kr 300.000,- kvar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 08.05.2015**

### **Bakgrunn**

Cruiseturismen er i kraftig vekst, og mange stader på Vestlandet er attraktive reisemål. Norge stadfesta i 2013 posisjonen som Europas fjerde største cruisedestinasjon.

Våren 2013 lyste Regionalt forskingsfond Vestlandet ut prosjektmidlar til forskning knytt til viktige spørsmål for reiselivet på Vestlandet. Cruise var særleg prioritert. Det var peika på eit stort behov for å samle dei ulike interessene i reiselivsnæringa og etablere eit breitt samarbeid mellom forskingsmiljøa for å klargjere kunnskapsgrunnlaget for vidare arbeid med cruiseturisme på Vestlandet. Det breie samarbeidet skulle etablere felles og meir komplett datagrunnlag med høg truverdighet og kvalitet.

Fjord Norge / NCE Tourism samarbeidde med forskingsmiljøa for å utvikle ein prosjektsøknad. Prosjektforslaget fekk høg fagleg poengsum ved vurdering og vart vedteken delfinansiert av styret i Regionalt forskingsfond Vestlandet. Prosjekttittel er *Berekraftig cruise – kunnskap om og optimalisering av sosiale, miljømessige og økonomiske effektar av cruiseturisme*. (Søknadstittel: *Sustainable cruises: Understanding and Optimizing People, Planet and Profit*)

### **Prosjekt mål**

Hovudmålet er å analysere føresetnadene for ein berekraftig og lønsam cruisetrafikk i Norge, inklusiv klargjere alternativ for å utvikle cruisesektoren på ein måte som integrerer og balanserer både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn.

Målet er operasjonalisert gjennom fire hovudgrupper av forskingss spørsmål som også gir dei viktigaste aktivitetane i løpet av prosjektperioden:

#### **1. Destinasjonar & distribusjon av trafikk**

Kva er besøksintensiteten i cruisehamnene langs Vestlandskysten? Når, kvar og kor mange besøkande i dag, og kva kan situasjonen bli i framtida gitt utbyggingsplanar og attraksjonskraft i dei ulike destinasjonane?

#### **2. Økonomi & lokal verdiskaping**

Kva er forbruksmønsteret i dag og korleis er dette fordelt i tid og for destinasjonar? Korleis er fordelinga mellom lokale, nasjonale og internasjonale interessentar? Korleis er verdiskapinga fordelt mellom by og land? Kva faktorar påverkar forbruksnivået og påverkar cruiseturismen landturismen?

#### **3. Berekraftig reiselivs utvikling**

Korleis kan framtidig utvikling stimulere lokal involvering og påverknad, auka lokal verdiskaping og utvikling i lokale småsamfunn? Kva er kostnadene med miljøeffektar og kva er muleg tiltak for å redusere miljøeffektar? Kva er effekten av cruise for andre lokale og regionale reiselivsaktivitetar?

#### **4. Framtidige behov**

Kva er dei viktige drivarane i framtidig utvikling av cruisenæringa? Korleis kan sektoren bli utvikla i samarbeid med innovasjonar i tenester og produkt hjå landbasert reiseliv og med spreing av besøkande i tid og rom?

Involveringa og dialogen med reiselivsnæringa vil vere knytt til 4 ulike mekanismar:

1. Prosjektet vil ha ei styringsgruppe sett saman av prosjektpartnerane som bidreg økonomisk.
2. Prosjektet blir strukturert og gjennomført med 4 arbeidspakker (hovedaktivitetar). Ved avslutning av kva arbeidspakke og oppstart av neste vil det bli gjennomført eit milepel-møte der alle involverte partnerar blir invitert for å drøfte status, resultat og deltaljing av vidare aktivitet.
3. I løpet av prosjektperioden vil det bli arrangert ein større formidlingskonferanse der resultat og funn blir presentert og drøfta i eit breiare forum.
4. Planlagde forskingsaktivitetar vil involvere ein serie kartleggings- og intervjuaktivitetar med næringa og andre relevante aktørar.

Bedrifter, som er med i prosjektet, vil dermed både få førstehands kjennskap og innsikt i eit stort og omfattande prosjekt på eit område med stor betydning for reiselivet på Vestlandet, og dei vil få ei rekkje kontaktpunkt der dei kan gje innspel for å sikre mest muleg relevans av forskingsarbeidet for næringa.

Hordaland fylkeskommune

#### **Prosjektpartnerar**

- Fjord Norge AS / NCE Tourism (prosjekteigar) + bedrifter
- Vestlandsforskning (prosjektleder), Norges Handelshøyskole, Universitetet i Stavanger og Transportøkonomisk institutt

#### **Budsjett:**

Regionalt forskingsfond	3000000
Hordaland fylkeskommune	300000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	300000
Møre og Romsdal fylkeskommune	300000
Næringsaktørar innskot	1500000
FOU partane sin eigeninnsats	600000
<b>Sum</b>	<b>6000000</b>

#### **Prosjektperiode**

Vår 2015 – vår 2017

#### **Fylkesrådmannen si tilråding:**

I reiselivsnæringa generelt, og cruiseindustrien spesielt er det eit ynskje å få fram meir empirisk kunnskap som kan styrke den vidare utviklinga av næringa, og leggje grunnlag for gode og berekraftige strategiar. Cruiseindustrien på Vestlandet har utvikla seg med eksplosivt fart dei siste åra, og det er vesentleg for ei berekraftig utvikling at kunnskap og ei nøytral tilnærming er grunnlaget for korleis næringsaktørar og det offentlege går framtida i møte. Store delar av reiselivsnæringa har ikkje ressursar til å investere i langsiktige forskingsprosjekt og det er naturleg at det offentlege tar ei rolle her.